

# MENNINGER

FULLT NAVN. Innlegg på trykk skal være signert med fullt navn. Anonyme innlegg godtas bare unntaksvis, når det kan underbygges med helt spesielle behov for å være anonym. Du kan også lese mening-innleggene på nettavisen under [www.hamardagblad.no](http://www.hamardagblad.no). **SKRIV KORT.** Innlegg som er fortrene enn 280 ord slipper først fram i køen. Alle innlegg må leveres som e-post til [mening@hamardagblad.no](mailto:mening@hamardagblad.no) eller SMS til 2097 kodeord HD.

## Målsak

«Mål» er eit artinglite ord – eller også mange ord. Mål kan blant anna tyde «sak». Så då er målsak det same som saksak? I Nynorskordboka er «mål» ført opp to gonger. Det første oppslaget har heile fjorten ulike tydingar, og det andre har fem. I Bokmålsordboka er forholdet tolv til tre. Dermed er ordet kanskje eitt av dei orda vi har i norsk med flest ulike tydingar. Då er det nesten rart at vi som regel veit korleis vi skal tolke ordet «mål» i ulike kontekstar.

Det første oppslaget i ordboka har ei hovudtyding som har med storleik eller mengd å gjere. Alle dei andre tydingane som er førd opp under dette oppslaget, kan relaterast til dette på ein eller anna måte. Det gammalnorske ordet var «mål». Så her har det ikkje skjedd noka stor endring. Vokalen har skifta kvalitet ved å flytte litt lenger bak og bli rundare. Tysk har framleis lang a, men to ulike skrivemåtar: «Mah» og «Mahl». Ein skriv «dieses Mal» for «denne gongen» og «dieses Mahl» for «dette måltid». Engelsk derimot har «meal». Dette kan verke litt merkeleg med det same, men er heilt forståeleg dersom ein har høyrte om fenomenet bryting. Ved bryting «bryr» ein a (eller u) frå endestavinga seg framover og smeltar saman med vokalen i hovudstavinga. Dette forklarar forsjellar som tysk «Herz» mot engelsk «heart» og norsk «hjarter». I engelsk og norsk braut den gamle a-en seg framover, mens han i tysk berre blei borte. Når vi så veit at det germanske ordet for «mål» var «\*mela-», forstå vi den engelske utvikinga. Bjorvand og Lindemann kan i «Våre arveord» fortelje at tydinga i germansk var

(mål)merke eller tid(spunk).

Det andre oppslaget i ordboka har hovudtydinga tale, taleevne eller språk, men også sak eller avtale. Ein reknar med at det ligg eit germansk ord «\*mahlav» til grunn for denne tydinga. Den gamle p fall gjerne bort framfor l, j, f, t, d. norsk «mål» versus engelsk «needle» eller tysk «Nadel». Det ser ut til at mål i denne samanhengen er eit gammalt rettsuttrykk med tydinga «rettsesak». I gammalnorsk tydde «mål» bl.a. også «ting» eller «forhandlingsmøte». Innanfor tysk historie har ein då òg namnet eller uttrykket «Mahstatt» for «ting» eller «rettsstad». Bjorvand og Lindemann meiner bruken av «mål» med tydinga «tale» eller «språk» har utvikla seg fordi ein måtte tale si sak på tinget; ein har jo elles også ordet «mæle» for å snakke.

Eg sjølv er jo oppteken av det vi kallar for «målsak». Målfolk ønsjer gjerne å tale skriftspråket og talespråket si sak. Men i samband med målsak tenkjer dei fleste nok helst på nynorsk. Nynorsk byggjer jo på dei ulike talemåla i Noreg. Når vi snakkar om skrift, snakkar vi gjerne om «skriftspråk», sjølv om vi også bruker ordet «målforn». Når vi snakkar om ulike dialektar, snakkar vi om «målføre», dvs. måten vi fører målet vårt på. Det spørst elles òg kva og korleis ein ønsjer å måle – eller mæle. Men hovudpoenget bør vel vere at ein ikkje blir mållaus – verken i den eine eller den andre tydinga.

JENS HAUGAN

## Ansvarlighet med FRP

SSB har nylig beregnet effektene av FRPs alternative statsbudsjett. Vurderingen deres var klar: Økt BNP, økt sysselsetting, lavere rente og inflasjon. Tilhøvet uendret kronkurs. FRPs satsinger på næringslivet og infrastruktur øker altså produksjonsevnen i norsk økonomi.

FRP vil føre en ansvarlig økonomisk politikk, selsaget vil vi det. Men vi deler ikke Stoltenbergs myte om at handlingsregelen er garanti for ansvarlig økonomisk styring. Han har skapt en falsk trygghet. Under handlingsregelens beskyttelse vokser statens forbruk i rekordfart, investeringer henger derimot etter. Hva skjer i Norge når oljenæringen ikke lenger er en katalysator tilsvarende ni finansrisepakker årlig?

FRP vil ha større fokus på hvordan vi kan fjerne flaskehalsen i økonomien. Vi vil derfor fremskynde nødvendige investeringer i infrastruktur og kunnskap, slik at vi øker vår fremtidige produksjonsevne. Vi må tøyte veksten av faste, vedvarende utgifter i statsbudsjettet. Vi må begrense den rødgrønne veksten av offentlig sektor. Vi må stimulere arbeidslivet og investeringsvilje. Dette er essensen i FRPs alternative statsbudsjett. I Stortingets budsjettarbeid vil vi skille forbruk og investeringer. Førstnevnte kan og bør ha en "handlingsregel", fordi utgiftene er langsiktige og vedvarende. Sistnevnte bør primært styres av samfunnsøkonomisk lønnsomhet, og pengestrømmene er som regel kortvarige.

FRP vil at landet skal leve av vår kontinuerlige verdiskaping, ikke av oljefondets avkastning. Det er ansvarlighet. Noen investeringer kan det være uansvarlig ikke å gjennomføre av hensyn til fremtidig vekst og velstand.

GEIR TJUGUM

Leder Hedmark Frp